

NVE – Konsesjonsavdelinga
v/saksbehandlar Matilde Anker,
Postboks 5091 Majorstua,
0301 Oslo.

Hyen 05.05.2014

Dykkar ref.: NVE 201206662-11 kn/man

SFE Nett har søkt om løyve til å byggje ein ny 132kV kraftleidning frå Gjengedal i Gloppen til Storebru/Agledal i Flora. Søknaden er ute på høyring med søknadsfrist 10. mai 2014.

Vi grunneigarane på gbnr 23/1, 2 og 5 på Heimseta i Gloppen kommune, som får denne linja over eigedomane våre, går i mot at det vert gjeve løyve til å byggje denne linja. Vi viser til uttale frå eksisterande og potensielle småkraftprodusentar i Hyen og grunneigarlaget i Austre- og Vestre Hyen og seier oss samde i det dei skriv.

Vi var i utgangspunktet positive til å ta ulempene med å få denne linja over eigedomane våre sidan vi såg at linja ville vere nødvendig for at planlagde og konsjonssøkte kraftverk i bygda skulle kunne realiserast, og at marginaltapsprosent og innmatingskostnader for eksisterande kraftverk ville bli redusert. I staden ser vi at vi vil få ein auka innmatingskostnad med den nye linja på minst 3,2øre/kWh, truleg opp mot 3,5øre/kWh. Det vil utgjere ei ekstra nettleige på minst 32.000 kr/GWh, noko som vil gjere fleire av småkraftverka ulønsame.

Slik vi ser det, vil det vere meiningslaust å gje SFE Nett løyve til å byggje denne linja når det er grundig dokumentert at den same linja vil knekke økonomien til eksisterande og potensielle småkraftverk i området.


Det er sett i gong arbeid for å få styresmaktene til å endre finansieringsordningane og få til ei meir rettferdig utjamning av nettkostnadane både for produksjonsrelaterte linjer og distribusjonsnettet elles, men vi har avgrensa tru på at dette vil skje i alle fall på kort sikt.


Om det likevel, trass vår motvilje, vert gjeve løyve til å byggje den nye 132kV-linja, har vi tidlegare signalisert at av dei aktuelle trasealternativa ser vi B-1 som heilskapleg sett det med minst ulepper for miljø, busetnad og skogbruksinteresser i området. I ettertid ser vi at søker har teikna inn ei alternativ sløyfe nord og vest forbi busetnaden på Heimseta, og denne ser vi som ei miljømessig betring av B-1.

Om linja vert bygt, ønskjer vi å få høve til å vere med og gje våre synspunkt på den eksakte plasseringa av master i terrenget. Det kan ha mykje å seie for å dempe ulempene, særleg med tanke på skogsdrift og arealutnytting elles.

Med venleg helsing


For gbnr 23/1 Erik Ommedal


gbnr 23/2 Magnar Heimset


gbnr 23/5 Atle Hjelle